



Camilla og Amalie var svært fornøgd med salget.

**Adventskalendaren til Uskedal skulemusikk er blitt svært populær. Det verkar som om mange har den som eit fast innslag i førjulstida, og mange kjøper den som ei kjekk førjulsgåve. Særleg har vi inntrykk av at det er populært blant besteforeldre å gje den til barnebarna.**

I dag har 6 av skulemusikantane site på Spar Uskedalen og selt kalendarar. Då eg var innom på veg heim frå jobb, hadde 10.klassingane Camilla M. Ripel og Amalie H. Rød overteke 'stafettpinnen' frå Anja Måkestad Smith og Sigrí Lekva. Før dei hadde Linnea M. Ripel og Linnea Enes selt. Camilla og Amalie kunne fortelja at dei var svært fornøgd med salget. Det ser ikkje ut som markedet er metta enno, derfor er det kjekt å melde om at det framleis er mulig å få kjøpt kalendaren til uti neste veke. I dag var siste salgsdag på Spar.

Nokre har hatt god respons på salg på facebook, og den muligheten er der framleis. I tillegg er den å få kjøpt på Gros Blomster og hos Elins Matgleder. Dei som ønskjer å kjøpa kan også kontakta Hege Lekva, mob. 988 07 713, eller nokre andre i styret så ordnar dei det.

Det er svært mange fine gevinstar der verdien går opp mot 3000 kroner. Første trekning vert gjort kjent på uskedalen.no 1.desember, og så er det trekning kvar dag fram til julaftan. Nokre dagar er det 2 gevinstar. Spannande!!!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland